

ØYFJELLET WIND AS
c/o Ekonomernas Hus Karl Johans gate 7
0154 OSLO

Vår dato: 03.09.2020
Vår ref.: 201104174-183
Arkiv: 511
Dykkar dato:
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Thomas Mo Willig
22959377/tmwi@nve.no

Vedtak om økning i transformatorytelse i Øyfjellet vindkraftverk - Øyfjellet Wind AS

Vi viser til søknad av 11.08.2020 frå Øyfjellet Wind AS om auke av transformator kapasitet for Øyfjellet vindkraftverk.

Bakgrunn

Øyfjellet Wind AS vart tildelt anleggskonsesjon for bygging og drift av Øyfjellet vindkraftverk 16.11.2016. Den 11.10.2018 vart konsesjonen erstatta av ein ny konsesjon som omfatta ein auke i installert effekt frå 330 til 400 MW og endring av dei elektriske anlegga. Anleggskonsesjonen gir blant anna rett til å bygga og driva:

«To transformatorstasjoner ved hhv. Middagseidklumpen og Heifjellet, hvorav den ene med to transformatorer med ytelse 140 MVA og den andre med en transformator med ytelse 140 MVA. Alle transformatorene vil ha omsetning 132/33 kV og hvert sitt bryterfelt»

Søknad

I søknaden av 11.08.2020 skriv Øyfjellet Wind AS at optimalisert teknologi gjer at dei må justera transformatorstasjonane si yting frå det som er gitt i konsesjonen av 11.10.2018 til:

- I stasjon 1 ved Middagseidklumpen: ein transformator på 185 MVA
- I stasjon 2 på Heifjellet: to transformatorar på 120 MVA

Videre skriv dei at endringane ikkje vil påverka den fysiske utforminga av transformatorbygga. Omsetningsforholdet vil framleis vera 132/33 kV og den totale kapasiteten er 400 MW.

Den totale transformator kapasiteten vil i den omsøkte løysinga auka frå 420 til 425 MVA.

NVEs vurdering

Etter NVEs vurdering vil ikkje dei omsøkte endringane, ei omfordeling av transformator kapasitet i planområdet, føra til endra verknadar for omgjevningane.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor

Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge

Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord

Kongens gate 52-54
Capitolgården
8514 NARVIK

Region Sør

Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest

Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst

Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



NVE legg til grunn at dette vil optimalisera utbygginga av prosjektet og gir på bakgrunn av dette løyve til å endra transformatorstorleik i Øyfjellet vindkraftverk. NVE legg også til grunn at den installerte effekten på 400 MW er uendra.

På bakgrunn av at søknaden ikkje inkluderer tiltak som medfører endra verkingar for omgjevnadane, har NVE ikkje funnet det naudsynt å sende søknaden på høyring.

NVEs vedtak

Med heimel i energilova § 3-1 gir NVE Øyfjellet Wind AS løyve til å endra transformorkapasiteten ved Middagseidklumpen til ein transformator på 185 MVA og to transformatorar på 120 MVA ved Heifjellet.

Klagerett og orientering

Dette vedtaket kan påklagast, sjå informasjon om rett til å klaga på vedlagt klageark. Øyfjellet Wind AS skal orientera aktuelle grunneigarar og andre rettshavarar om vedtaket, og informera dei om retten til å påklaga vedtaket. NVE skal ha kopi av Øyfjellet Wind AS orientering av grunneigarane/rettshavarane.

Med helsing

Rune Flatby
direktør

Arne Olsen
seksjonssjef

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg:

Kopi til:

FYLKESMANNEN I NORDLAND
HELGELAND KRAFT NETT AS
Nordland fylkeskommune
STATNETT SF
VEFSN KOMMUNE



Orientering om rett til å klage

Kven kan klage på vedtaket?	Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.
Kor skal du sende klaga?	Du må adressere klaga til Olje- og energidepartementet (OED), men sende den til NVE. NVEs e-postadresse er: nve@nve.no . NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrer vedtaket, vil vi sende klaga til OED.
Frist for å klage	Fristen for å klage på vedtaket er tre veker frå den dagen vedtaket kom fram til deg. Dersom vedtaket ikkje har kome fram til deg, startar fristen å gå frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket. Det er tilstrekkeleg at du postlegger klaga før fristen går ut. Klaga kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.
Du kan få grunngjeving for vedtaket	Dersom du har fått eit vedtak utan grunngjeving, kan du be NVE om å få ei grunngjeving. Du må be om grunngjevinga før klagefristen går ut.
Kva skal med i klaga?	Klaga bør vere skriftleg. I klaga må du: <ul style="list-style-type: none">- Skrive kva for vedtak du klagar på.- Skrive kva for eit resultat du ynskjer.- Opplyse om du klagar innanfor fristen.- Underteikne klaga. Dersom du bruker ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klaga. I tillegg bør du grunngje klaga. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil.
Du kan få sjå dokumenta i saka	Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unnateke offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.
Vilkår for å gå til domstolane	Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klaga på NVEs vedtak, og klaga er avgjort av OED som overordna forvaltingsmyndigheit. Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klaga, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klaga ikkje er avgjort.
Sakskostnader	Dersom NVE eller OED endrer vedtaket til din føremon, kan du søkje om å få dekka vesentlege og naudsynlege kostnader. Du må søkje om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.

Denne forklaringa byggjer på forvaltningslovas reglar i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32 og 36.